

## Valideringsrapport – tilleggssrapport

Bestemming av fosforinnhold i fôr, fôringrediensar, fisk og feces ved bruk av ICP-OES og mikrobølgeovnsoppslutning



Illustrasjon: Nofima

Nofima er et ledende matforskningsinstitutt som driver med forskning og utvikling for akvakulturnæringen, fiskerinæringen og matindustrien. Vi leverer internasjonal anerkjent forskning og løsninger som gir næringslivet konkurransefortrinn langs hele verdikjeden.

«Bærekraftig mat til alle» er vår visjon.

### Kontaktinformasjon

Telefon: 77 62 90 00

post@nofima.no

www.nofima.no

NO 989 278 835 MVA



#### Hovedkontor Tromsø

Muninbakken 9–13

Postboks 6122

NO-9291 Tromsø



#### Stavanger

Måltidets hus

Richard Johnsensgate 4

Postboks 8034

NO-4068 Stavanger



#### Sunnalsøra

Sjølsengvegen 22

NO-6600 Sunndalsøra



#### Ås

Osloveien 1

Postboks 210

NO-1433 ÅS



#### Bergen

Kjerreidviken 16

Postboks 1425 Oasen

NO-5844 Bergen

# Rapport

<i>Rapportnummer:</i> 33/2022	<i>ISBN:</i> 978-82-8296-735-8	<i>ISSN:</i> 1890-579X
<i>Dato:</i> 15. desember 2022	<i>Antall sider + sider vedlegg:</i> 19 + 19	<i>Prosjektnummer:</i> 12935/11277
<i>Tittel:</i> <b>Valideringsrapport – tilleggsrapport: Bestemming av fosforinnhold i fôr, fôringrediensar, fisk og feces ved bruk av ICP-OES og mikrobølgeovnsopplutting</b>		
<i>Title:</i> Validation report: Determination of phosphorous content in feed, feed ingredients, fish and feces using ICP-OES and microwave digestion		
<i>Forfatter(e):</i> Ingri Ullestad Moen		
<i>Avdeling:</i> Biolab		
<i>Oppdragsgiver:</i> Intern		
<i>Eksternt prosjektnummer/Oppdragsgivers ref.:</i> -		
<i>Stikkord:</i> Elementanalyse, ICP-OES, opplutting, UltraWave, validering		
<i>Sammendrag/anbefalinger:</i> Formålet med dette prosjektet var å validere metoden «NS-EN 15621-2017» for bestemming av innhold av fosfor i fôr, fôringrediensar, fisk og feces. Prøvane vert tilsett salpetersyre og vatn, og oppslutta under høgt trykk og temperatur i mikrobølgeovn (UltraWave). Oppslutta prøve vert fortynna vidare med vatn, og elementkonsentrasjonane vert målt ved bruk av induktivt kopla plasma optisk emisjonsspektroskopi (ICP-OES).  Det vart utført validering av selektivitet, riktigheit, presisjon, linearitet, måleområde, og måleusikkerheit. Etter gjennomgang av resultatata, vert metoden ansett å vere godkjent.		
<i>English summary/recommendation:</i> The purpose of this project was to validate the method «NS-EN 15621-2017» for determination of phosphorous content in feed, feed ingredients, fish, and feces. Nitric acid and water are added to the samples before digestion under high pressure and temperature in a microwave oven (UltraWave). Digested samples are diluted further and analyzed with inductively coupled plasma optical emission spectroscopy (ICP-OES).  A validation of selectivity, accuracy, precision, linearity, measuring range, and measurement uncertainty was performed. Based on a review of the results, the method is approved.		

## Innhold

<b>1</b>	<b>Innleiing</b>	<b>1</b>
<b>2</b>	<b>Teori</b>	<b>2</b>
2.1	Prinsipp	2
2.2	Grad av validering og tidlegare ekstern validering	2
2.3	Avvik frå metodereferansen	2
2.4	Valideringsparameter	2
<b>3</b>	<b>Eksperimentelt</b>	<b>4</b>
3.1	Selektivitet	4
3.2	Linearitet	4
3.3	Presisjon	5
3.4	Riktighet/nøyaktigheit	5
3.5	Konsentrasjons-/måleområde	5
<b>4</b>	<b>Resultat</b>	<b>6</b>
4.1	Selektivitet	6
4.2	Linearitet	7
4.3	Presisjon	10
4.4	Riktighet/nøyaktigheit	11
4.5	Konsentrasjons-/måleområde	13
4.6	Måleusikkerheit	13
<b>5</b>	<b>Diskusjon</b>	<b>14</b>
5.1	Selektivitet	14
5.2	Linearitet	14
5.3	Presisjon	15
5.4	Riktighet/nøyaktigheit	16
5.5	Konsentrasjons-/måleområde	17
5.6	Måleusikkerheit	17
<b>6</b>	<b>Konklusjon</b>	<b>18</b>
<b>7</b>	<b>Litteratur</b>	<b>19</b>
	<b>Vedlegg 1 – Linearitet</b>	<b>II</b>
	<b>Vedlegg 2 - Presisjon: Repeterbarheit og «intermediate precision»</b>	<b>III</b>
	<b>Vedlegg 3 – Riktighet</b>	<b>XVII</b>
	<b>Vedlegg 4 – Måleusikkerheit</b>	<b>XVIII</b>

## 1 Innleiing

Ein ny metode vart validert hjå Nofima Biolab vinteren/våren 2022: A120 Elementanalyse ved bruk av ICP-OES og mikrobølgeovnsoppslutning. Metodereferansen var NS-EN 15621:2017 («Dyrefôr: Metoder for prøvetaking og analyse - Bestemmelse av kalsium, natrium, fosfor, magnesium, kalium, svovel, jern, sink, koppar, mangan og kobolt etter trykkoppslutning ved ICP-AES»). Det vart på dåverande tidspunkt valt å fokusera på elementa kalsium, kopar, jern, kalium, magnesium, mangan, natrium, yttrium og sink sidan desse elementa er mest relevante for Biolab og Biolab sine kundar, og sidan laboratoriet allereie har ein veletablert metode for fosforanalyse: A37 Total fosfor (spektrofotometrisk metode med metodereferanse ISO 6491). Laboratoriet hadde kjøpt ein ICP-OES frå Agilent av typen 5110 VDV. Til dekomponering av prøvar før analyse hadde det vorte kjøpt ein UltraWave frå Milestone. Sommaren 2022 vart det beslutta å også validere metoden for analyse av fosfor, då den eksisterande metoden for fosforanalyse er svært tidkrevande.

Metoden (NS-EN 15621:2017) er eksternt validert i ei kollaborativ metodeavprøving for fosfor. Ifølge retningslinjer frå NMKL (Nordisk Metodikkomité for Næringsmidler) vil det då vere tilstrekkeleg med ei verifisering av riktigheit, presisjon og kvantifiseringsgrenser i denne metoden. I og med at dette er ein relativt ny analysemetode for Biolab og kunnskapen om metoden er begrensa, vart det beslutta å utføre ei full metodevalidering for fosfor der parametra selektivitet, linearitet, presisjon, riktigheit/nøyaktigheit, konsentrasjons-/måleområde, og måleusikkerheit vart gjennomgått.

## 2 Teori

### 2.1 Prinsipp

Sjå hovudrapport (Moen, I. U., Gjengedal, G. 2022).

### 2.2 Grad av validering og tidlegare ekstern validering

Sjå hovudrapport (Moen, I. U., Gjengedal, G. 2022).

### 2.3 Avvik frå metodereferansen

Sjå hovudrapport (Moen, I. U., Gjengedal, G. 2022).

### 2.4 Valideringsparameter

#### 2.4.1 Selektivitet

Sjå hovudrapport (Moen, I. U., Gjengedal, G. 2022).

#### 2.4.2 Linearitet

Sjå hovudrapport (Moen, I. U., Gjengedal, G. 2022).

#### 2.4.3 Presisjon

Metodereferansen oppgir kvafor repeterbarheits- og reproduserbarheitsgrenser som vart oppnådd i den eksterne metodevalideringa. I denne valideringa vart det gjort presisjonsberekningar for å avgjere om ein oppnår repeterbarheitsgrenser tilsvarende desse. Repeterbarheits- og reproduserbarheitsgrensene for fosfor frå metodereferansen er gitt i Tabell 1-Tabell 2.

Tabell 1 Repeterbarheitsgrenser for P, som oppgitt i NS-EN 15621:2017 (Standard-Norge, 2017).

Prøvetype	Snitt (%)	r (%)	RSD <sub>r</sub>
Grisefôr	0,51	0,04	2,9 %
Sauefôr	0,69	0,04	2,2 %
MIN 1	3,37	0,27	2,9 %
MIN 2	2,16	0,14	2,3 %
MIN MIX	3,83	0,13	1,2 %
Com. Premix	0,15	0,02	4,9 %
CuSO <sub>4</sub>	<LOQ	-	-
Fosfat	21,9	1,2	1,9 %
MgO	0,047	0,004	3,3 %
CaCO <sub>3</sub>	0,023	0,003	4,6 %
Bentonitt	0,020	0,003	5,7 %

Tabell 2 Reproduserbarheitsgrenser for P, som gitt i NS-EN 15621:2017 (Standard-Norge, 2017).

Prøvetype	Snitt (%)	R (%)	RSD <sub>R</sub>
Grisefôr	0,51	0,71	5,0 %
Sauedefôr	0,69	0,1	5,0 %
MIN 1	3,37	0,63	6,8 %
MIN 2	2,16	0,3	5,0 %
MIN MIX	3,83	0,76	7,1 %
Com. Premix	0,15	0,07	16,7 %
CuSO <sub>4</sub>	<LOQ	-	-
Fosfat	21,9	2,3	3,8 %
MgO	0,047	0,014	11,2 %
CaCO <sub>3</sub>	0,023	0,007	11,2 %
Bentonitt	0,020	0,012	20,5 %

#### 2.4.4 Riktighet/nøyaktighet

I denne metodevalideringa vart det analysert to eksterne referansematerial (ERM) frå Masterlab: 2022-38-1 og 2022-39-1, og eitt frå AACFO: 2022-0758-1. Desse referansemateriala vart valde fordi prøvematrixene er relevante for valideringa og Biolab sin bruk av metoden. Dei rapporterte nivåa av fosfor i desse prøvane er gitt i Tabell 3.

For øvrig teori, sjå hovudrapport (Moen, I. U., Gjengedal, G. 2022).

Tabell 3 Rapporterte nivå av fosfor i referansemateriala.

Referansenr. / prøvetype (j.nr. Biolab)	2022 / Fish meal (2022-38-1)			2022 / Fish feed (2022-39-1)			202222 / Sheep feed medicated (2022-0758-1)		
	Element	Ref. verdi (%)	U <sub>SLP</sub> (%)	Antal, n	Ref. verdi (%)	U <sub>SLP</sub> (%)	Antal, n	Ref. verdi (%)	U <sub>SLP</sub> (%)
P	2,14	0,14	19	1,03	0,06	18	1,20	0,06	114

#### 2.4.5 Konsentrasjons-/måleområde

Sjå hovudrapport (Moen, I. U., Gjengedal, G. 2022).

#### 2.4.6 Måleusikkerheit

Sjå hovudrapport (Moen, I. U., Gjengedal, G. 2022).

## 3 Eksperimentelt

### 3.1 Selektivitet

#### 3.1.1 Val av bølgelengder

Fem ulike bølgelengder for fosforanalyse vart prøvd ut ved analyse av fire tidlegare SLP-prøvar (Tabell 4). Bølgelengdene vart valt ut på bakgrunn av intensitet, anbefaling frå ICP Expert og minst mogeleg spektralinterferensar utifrå vurdering av tabellverdiar av bølgelengder og tilhøyrande intensitetar. Informasjon frå IntelliQuant-forsøk (skildra i hovudrapport) vart også nytta i vurderinga av bølgelengder.

Tabell 4 Bølgelengder og prøvar nytta i selektivitetsforsøk for fosfor.

Undersøkte bølgelengder (nm)	SLP-prøvar
177,434	2022-38-1
178,222	2022-39-1
185,878	2022-0758-1
213,618	2022-1117-1
214,914	

### 3.2 Linearitet

Det vart kjøpt TraceCERT® (Traceable Certified Reference Material) fosforstandard (1000 mg/l) frå Sigma-Aldrich. Standarden er produsert i laboratorium som oppfyller krava i ISO/IEC 17025 og ISO 17034. Opplysningar om standard, LOT-nummer og sertifisert verdi er vist i Tabell 5.

Tabell 5 Opplysningar om standardløysing (TraceCERT®) frå Sigma-Aldrich brukt i linearitetsforsøket.

Element	Namn	Samansetting	LOT-nr.	Sertifisert verdi (mg/l)
P	«Phosphorous standard for ICP»	PO(OH) <sub>3</sub> i H <sub>2</sub> O	BCCD2573	1000±3

Det vart preparert standardfortynningar med i alt seks ulike konsentrasjonar av fosfor. Typiske fosforkonsentrasjonar i vanlege prøvetypar vart brukt som utgangspunkt for å bestemme konsentrasjonsnivå for standardane for ei tenkt innvegen prøvemengd på 0,2 g og fortynning til 50 ml.

Alle standardløysingar vart laga ved bruk av automatpipette og/eller fullpipette, og tynna med 2 % salpetersyre i målekolbe, til ønska volum. Ei oversikt over standardar og fosforkonsentrasjonar er gitt i Tabell 6. Standardane vart analysert i tilfeldig rekkefølge på ICP-OES, med blankinjeksjon (2 % HNO<sub>3</sub>) mellom kvar. Kvar standard vart injisert to gonger.



Tabell 6 Elementkonsentrasjon for standardar nytta i linearitetsforsøk for fosfor.

Standard	P (mg/l)
Blank	0
1	50
2	100
3	150
4	200
5	250

Tabell 7 viser kvafor bølgelengder og avlesingsretning som vart undersøkt. Det er valt bølgelengder som både gir god intensitet, og som har færrest mogeleg spektrallinjeinterferensar. Programvara til instrumentet (ICP Expert) viser intensitet og mogelege interferensar for alle bølgelengder, dette i kombinasjon med erfaring frå innleiande forsøk vart brukt for å velge ut bølgelengder. Radiell avlesing er brukt då aktuelle prøvar har høgt fosforinnhald. Spektrum er vist i kapittel 4.1.

Tabell 7 Bølgelengder og aktuell avlesingsretning undersøkt i linearitetsforsøket.

Element	Avlesingsretning	Bølgelengder (nm)
P	Radiell	213,618
		214,914

### 3.3 Presisjon

For berekning av repeterbarheit og intern reproduserbarheit vart aktuelle prøvar og referansematerial analyserte over fleire analysedagar.

### 3.4 Riktighet/nøyaktigheit

#### 3.4.1 Analyse av eksternt referansematerial

Tre referansematerial vart analysert ved såkalla «nested design», med 18 analyser per prøve over tre analysedagar.

### 3.5 Konsentrasjons-/måleområde

Det vart analysert 20 blindprøvar for bestemming av deteksjonsgrense og kvantifiseringsgrense for fosfor. Blindprøvane bestod av rensa vatn (1 ml) og salpetersyre (69 %, 2 ml). Prøvane vart oppslutta på UltraWave (22-posisjonsrack, oppslutningsrøyr av glas), og tynna på same måte som typiske reelle prøvar (til 50 ml, med rensa vatn). Dei vart deretter analyserte på ICP-OES etter normal prosedyre.

## 4 Resultat

### 4.1 Selektivitet

#### 4.1.1 Val av bølgelengder


Resultat for dei analyserte SLP-prøvane ved alle testa bølgelengder er gitt i Tabell 8. Oppnådde resultat er også samanlikna med det aktuelle SLP-snittet.

Tabell 8 Oppnådde resultat for fosforanalyse av SLP-prøvar ved fem ulike bølgelengder, samanliknina med snittresultat av SLP.


Prøvenr.	Prøvetype	Snitt ringtest (mg/kg)	Bølgelengde (nm)	Snitt biolab (mg/kg)	Avvik frå SLP (%)
2022-38-1	Fiskemjøl	21400	177,434	29830	39 %
			178,222	28598	34 %
			185,878	23530	10 %
			213,618	23290	9 %
			214,914	23387	9 %
2022-39-1	Fiskefôr	10300	177,434	15796	53 %
			178,222	14809	44 %
			185,878	11130	8 %
			213,618	11028	7 %
			214,914	10994	7 %
2022-0758-1	Sheep Feed Medicated	12000	177,434	20218	68 %
			178,222	18728	56 %
			185,878	13244	10 %
			213,618	13095	9 %
			214,914	13050	9 %
2022-1117-1	Rice Bran Medicated	19400	177,434	35992	86 %
			178,222	32934	70 %
			185,878	22547	16 %
			213,618	22114	14 %
			214,914	22072	14 %

#### 4.1.2 Spektrum for utvalde bølgelengder

Dei følgande figurane (Figur 1-Figur 2) viser spektrum for injeksjon av standard 5 frå linearitetsforsøket, med fosforkonsentrasjon 250 mg/l for to av dei undersøkte bølgelengdene.



Figur 1 Spektrum for P 213,618 nm ved analyse av standard 5 frå linearitetsforsøket (fosforkonsentrasjon 250 mg/l). «Fitted background correction» vart nytta.




Figur 2 Spektrum for P 214,914 nm ved analyse av standard 5 frå linearitetsforsøket (fosforkonsentrasjon 250 mg/l). «Fitted background correction» vart nytta.

## 4.2 Linearitet


Det vart analysert standardløyningar med til saman seks ulike fosforkonsentrasjonar, som beskrive i kapittel 3.2. Alle standardar vart injiserte to gonger. Plotta under inneheld kurver/punkt frå begge injeksjonane; første injeksjon har blå punkt og andre injeksjon har oransje. Instrumentparameter brukt i dette forsøket er dei same som skildra i hovudrapporten (Moen, I. U., Gjengedal, G. 2022).

Lineær regresjon, residualplot og regresjonsstatistikk for kvar bølgelengde vart utforma vha. Excel. Standardkonsentrasjonar og avlesne signalintensitetar er vist i Vedlegg 1 – Linearitet. Fosfor vart

analysert ved to bølgelengder, begge med radiell avlesing. Lineær regresjon (Figur 3, Figur 5), residualplot (Figur 4, Figur 6) og regresjonsstatistikk (Tabell 9, Tabell 10) for begge bølgelengdene er vist under.



Figur 3 Lineær regresjon for P 213,618 nm, injeksjon 1 (blå) og injeksjon 2 (oransje).




Figur 4 Residualplott for P 213,618 nm, injeksjon 1 (blå) og injeksjon 2 (oransje).


Tabell 9 Regresjonsstatistikk for P 213,618 nm, injeksjon 1 / injeksjon 2.

Parameter	Regresjon	Skjeringspunkt	Stigningstal
Observasjonar (n)	6 / 6		
R <sup>2</sup> -verdi	1,0000 / 1,0000		
F-verdi	198413 / 119558		
t-verdi		0,038 / -0,750	445 / 346
p-verdi		0,972 / 0,495	1,5x10 <sup>-10</sup> / 4,2x10 <sup>-10</sup>
Nedre 95 % konfidensintervall		-508 / -847	542 / 544
Øvre 95 % konfidensintervall		522 / 487	549 / 553

### P 214,914 nm



Figur 5 Lineær regresjon for P 214,914 nm, injeksjon 1 (blå) og injeksjon 2 (oransje).



Figur 6 Residualplott for P 214,914 nm, injeksjon 1 (blå) og injeksjon 2 (oransje).

Tabell 10 Regresjonsstatistikk for P 214,914 nm, injeksjon 1 / injeksjon 2.

Parameter	Regresjon	Skjeringspunkt	Stigningstal
Observasjonar (n)	6 / 6		
R <sup>2</sup> -verdi	1,0000 / 1,0000		
F-verdi	157036 / 119947		
t-verdi		-1,029 / -0,831	396 / 346
p-verdi		0,362 / 0,452	2,4x10 <sup>-10</sup> / 4,2x10 <sup>-10</sup>
Nedre 95 % konfidensintervall		-161 / -175	111 / 110
Øvre 95 % konfidensintervall		74,3 / 94,4	112 / 112

## 4.3 Presisjon

### 4.3.1 Repeterbarheit

Repeterbarheit vart undersøkt ved analyse av typiske prøvar, og oppnådde verdiar er gitt i Tabell 11. Alle analyseresultata er gitt i Vedlegg 2 - Presisjon: Repeterbarheit og «intermediate precision».

Tabell 11 Repeterbarheitsgrenser for fosforanalyse av aktuelle prøvetypar. Tal baserte på ni dobbelbestemmingar.

Prøvenr.	Prøvetype	Bølgelengde (nm)	Snitt (ppm)	Sr (ppm)	r (ppm)	RSDr
2022-38-1	Fiskemjøl	213,618	22751	1048	2936	4,6 %
		214,914	22688	1055	2953	4,6 %
2022-39-1	Fiskefôr	213,618	11020	473	1325	4,3 %
		214,914	10910	478	1338	4,4 %
2022-0758-1	Sauefôr	213,618	12876	469	1314	3,6 %
		214,914	12754	454	1272	3,6 %
2022-1714-9	Heilfisk	213,618	16055	377	1056	2,3 %
		214,914	15943	395	1107	2,5 %

### 4.3.2 «Intermediate precision»/intern reproducerbarheit

«Intermediate precision» vart undersøkt for ulike prøvetypar, og resultatata er gitt i Tabell 12. Det vart også berekna samla intern repeterbarheit basert på eit utval av alle undersøkte prøvetypar. Desse tala er vidare nytta i berekning av måleusikkerheit (kapittel 4.6). Analyseresultata i si heilheit er gitt i Vedlegg 2 - Presisjon: Repeterbarheit og «intermediate precision».

Tabell 12 "Intermediate precision" for fosforanalyse av ulike prøvetypar.

Prøvetype	Bølgelengde (nm)	Snitt (ppm)	S <sub>R</sub> (ppm)	R (ppm)	RSD <sub>R</sub>
Referanse, grisefôr	-	5100	260	710*	5,0 %
Referanse, sauefôr	-	6900	350	1000	5,0 %
Fiskemjøl	P 213,618	30042	1119	3133	3,7 %
	P 214,914	29874	1119	3133	3,8 %
Fôr	P 213,618	11972	187	525	1,6 %
	P 214,914	11947	187	525	1,5 %
Feces	P 213,618	16558	802	2244	4,8 %
	P 214,914	16629	802	2244	5,0 %
Fisk	P 213,618	16021	410	1149	2,6 %
	P 214,914	15883	410	1149	2,6 %
Alle prøvetypar samla	P 213,619	18813	591	1654	3,1 %
	P 214,915	18706	605	1695	3,2 %

\*Det er oppgitt 0,71 % (7100 ppm) i referansen. Mistanke om at dette er ein skrivefeil då R ikkje kan vere høgare enn snittet. 710 ppm er brukt i berekning.

## 4.4 Riktighet/nøyaktigheit

### 4.4.1 Analyse av eksternt referansemateriale

To ringtestprøvar frå Masterlab (2022-38-1 fiskemjøl og 2022-39-1 fiskefôr) og éin frå AAFCO (2022-0758-1 «sheep feed medicated») vart analyserte i «nested design», og z-score og  $E_n$ -verdiar vart berekna (Tabell 13). Analyseresultat og data frå dei respektive SLP-rundane er gitt i Vedlegg 3 – Riktighet, Vedleggtabell 20 og Vedleggtabell 21.

Tabell 13 Oppnådde snittverdiar, z-scorar og  $E_n$ -verdiar for tre ringtestprøvar. Alle tal basert på 18 målingar.

Element og bølgelengde (nm)	2022-38-1 fiskemjøl			2022-39-1 fiskefôr			2022-0758-1 sheep feed medicated		
	Snitt Nofima (mg/kg)	Z-score	$E_n$ -verdi	Snitt Nofima (mg/kg)	Z-score	$E_n$ -verdi	Snitt Nofima (mg/kg)	Z-score	$E_n$ -verdi
P 213,618	22751	0,96	0,39	11020	1,20	0,43	12876	1,46	0,45
P 214,914	22688	0,92	0,40	10910	1,02	0,39	12754	1,26	0,42

Det vart også berekna bias og t-verdiar for alle prøvane, resultatata er gitt Tabell 14-

Tabell 16.

Tabell 14 Bias og t-verdiar for ringtestprøve 2022-38-1 fiskemjøl,  $n = 18$  og  $t_{kritisk} = 2,11$ .

Element og bølgelengd (nm)	Snittverdi SLP (mg/kg)	Snittverdi Nofima (mg/kg)	Stdavvik Nofima (mg/kg)	Bias	$t_{obs}$
P 213,618	21400	22751	1314	106 %	4,4
P 214,914	21400	22688	1347	106 %	4,1

Tabell 15 Bias og t-verdiar for ringtestprøve 2022-39-1 fiskefôr,  $n = 18$  og  $t_{kritisk} = 2,11$ .

Element og bølgelengd (nm)	Snittverdi SLP (mg/kg)	Snittverdi Nofima (mg/kg)	Stdavvik Nofima (mg/kg)	Bias	$t_{obs}$
P 213,618	10300	11020	699	107 %	4,4
P 214,914	10300	10910	692	106 %	3,7

Tabell 16 Bias og t-verdiar for ringtestprøve 2022-0758-1 sheep feed medicated,  $n = 18$  og  $t_{kritisk} = 2,11$ .

Element og bølgelengd (nm)	Snittverdi SLP (mg/kg)	Snittverdi Nofima (mg/kg)	Stdavvik Nofima (mg/kg)	Bias	$t_{obs}$
P 213,618	12000	12876	503	107 %	7,4
P 214,914	12000	12754	509	106 %	6,3

#### 4.4.2 Samanlikning med eksisterande metode for fosforanalyse (A 37 Total fosfor)

Då Biolab har ein eksisterande metode for fosforanalyse, vart det analysert ni prøvar for samanlikning av dei to metodane. Resultat oppnådd for begge metodane er gitt i Tabell 17.

Tabell 17 Samanlikning av fosforanalyse med ICP (P 213,618 nm) og metode A 37 Total fosfor.

Prøve	Resultat ICP (%)	Resultat A 37 (%)	Differanse
2022-38-1	2,25	1,98	0,27
2022-39-1	1,12	0,98	0,14
2022-408-1	1,65	1,47	0,18
2022-945-1	1,52	1,32	0,20
2022-964-1	1,66	1,51	0,15
2022-1048-2	0,79	0,72	0,07
2022-1221-1	1,28	1,17	0,12
2022-0758-1	1,33	1,11	0,22
2022-1117-1	2,09	1,96	0,13



## 4.5 Konsentrasjons-/måleområde

Som skildra i kapittel 3.5, vart 20 blindprøvar analyserte på ICP-OES. Snittverdi og standardavvik for fosforresultat ved begge dei undersøkte bølgelengdene, samt berekna deteksjons- og kvantifiseringsgrenser er gitt i Tabell 18. Merk at dei oppgitte konsentrasjonane gjeld den fortynna prøveløysinga (den som blir injisert i instrumentet). ICP Expert si likning for kalibreringskurva i den aktuelle analysen er brukt for å konvertere signalintensitet til konsentrasjon.

Tabell 18 Deteksjons- og kvantifiseringsgrenser for undersøkte bølgelengder for fosfor.

Element og bølgelengde (nm)	Snittintensitet av blindprøvar (c/s)	Standardavvik av blindprøvar (c/s)	Deteksjonsgrense (ppm)	Kvantifiseringsgrense (ppm)
P 213,618	11,49	3,40	0,001	0,045
P 214,914	8,28	2,68	0,039	0,209

## 4.6 Måleusikkerheit

Utvida måleusikkerheit vart berekna ved bruk av formel 2.21 og 2.22 i skildra hovudrapporten (Moen, I. U., Gjengedal, G. 2022). Berekingane er vist i Vedlegg 4 – Måleusikkerheit. Ei oppsummering av den eksperimentelle måleusikkerheita er gitt i Tabell 19.

Tabell 19 Berekna måleusikkerheit for undersøkte bølgelengder.

Element og bølgelengde (nm)	Antal prøvar	Snitt (%)	$U_{\text{Nofima-xmiddel}}$ (%)	$U_{\text{nofima}}$ (%)	$U_c$ (%)	% RSD (+/- 2s)
P 213,618	6	1,82	0,11	0,06	0,25	14
P 214,914	6	1,81	0,11	0,06	0,24	13

## 5 Diskusjon

### 5.1 Selektivitet

#### 5.1.1 Spektrallinjeinterferens og val av bølgelengder

Tabell 20 viser potensielt interfererande linjer for dei undersøkte bølgelengdene for fosfor. Desse linjene, samt intensiteten deira, er gitt av programvara. Dei fleste mogelege interferensane er ubetydelege, då skilnaden i intensitet for dei interfererande bølgelengdene er stor, og fosforinnhaldet i aktuelle prøvar er mange gonger høgare enn innhaldet av t.d. kopar og mangan. Fleire av dei mogelege interferenstoppane er også godt nok separerte frå hovudtoppen til at bakgrunnskorrigeringen identifiserer dei som eigne toppar. Dermed vil eventuelt overlappende signal frå interferenstoppen bli korrigert for.

Tabell 20 Mogelege interferenslinjer for dei undersøkte bølgelengdene for fosfor.

Element	Undersøkte bølgelengder (nm)	Mogelege interferensar, Element og bølgelengder (nm)			
P	177,434	Cu 177,421	Y 177,414		
	178,222	Mn 178,200	Mn 178,245		
	185,878	P 185,827	Mn 185,729		
	213,618	Cu 213,598	Mn 213,624	Mn 213,636	Fe 213,595
	214,914	Cu 214,898			

Basert på ein totalvurdering av signalintensitet, mogelege interferensar, form på toppane og riktighet av analyseverdi, vart P 213,618 nm valt som det primære valet for fosforanalyser, med P 214,914 nm som alternativ bølgelengde.

#### 5.1.2 Vurdering av andre interferensar

Det vert brukt same syre (salpetersyre) i tilnærma like konsentrasjonar (2 %) i både standardar og prøveløysingar (matrisematching). I tillegg har prøveløysingane høg fortynningsgrad. På grunn av dette vert fysiske interferensar vurdert som lite sannsynlege. Sidan fysiske interferensar kan påverke aspirasjon, nebulisering og atomiseringseffektivitet, vil slike interferensar gi falskt låge analyseresultat. Dette er ikkje observert. Fysiske interferensar vert difor vurdert ikkje å vere eit problem for undersøkte prøvetypar og konsentrasjonar.

Vurdering av ioniseringsinterferens, med tilhøyrande forsøk, er skildra i hovudrapporten. Det vert antatt at funna også gjeld for fosfor. Ioniseringsinterferens er dermed vurdert å ikkje vere eit problem.

### 5.2 Linearitet

Korrelasjonskoeffisienten er 1 for samtlige kalibreringskurver, og alle kurvene viser lineær respons med t-verdi for linjene større enn kritisk verdi ( $t_{krit} = 2,776$  ved 95 % konfidensintervall, tosidig,  $n-2 = 4$ ). I tillegg er F-verdien høg og p-verdi  $<< 0,05$  for alle kurvene. Alle kurvene også null som mogeleg verdi for skjering med y-aksen (95 % konfidensintervall), t-verdi for skjeringspunktet mindre enn  $t_{krit}$  og p-verdi  $> 0,05$ . Residuala for begge dei undersøkte bølgelengdene er tilfeldig fordelte (Figur 4 og Figur 6).

På grunn av variasjon i detektert intensitet, vert det analysert standardar som del av kvar analysesekvens. Programvara bereknar nye kalibreringskurver, og analyseresultatata vert kalkulerte utfrå desse. For at kalibreringskurvene skal blir godkjente i programvara, må korrelasjonskoeffisienten vere minimum 0,995. Sidan kalibreringskurvene vert berekna for kvar analysesekvens, vert likningar

oppnådd i linearitetsforsøka difor ikkje brukt til anna enn å bekrefte lineær samanheng mellom konsentrasjon og signalintensitet for det undersøkte konsentrasjonsområdet.

## 5.3 Presisjon

### 5.3.1 Repeterbarheit

Av prøvetypane som er inkludert i den eksterne valideringa (metodereferansen), er det antatt at matrisene i saue- og griseføret er mest like prøvetypane i denne valideringa. Oppnådde repeterbarheitsgrenser er difor samanlikna med grensene gitt for desse to føra. Tabell 21 samanliknar oppnådde repeterbarheitsgrenser med grenser gitt i metodereferansen.

Tabell 21 Oppnådde repeterbarheitsgrenser for fosfor i ulike prøvetypar samanlikna med grenser gitt i metodereferansen.

Prøvenr.	Prøvetype	Bølgelengde (nm)	Snitt (ppm)	Sr (ppm)	r (ppm)	RSDr
Referanse	Grisefør	-	5100	150	400	2,9 %
	Sauefør	-	6900	150	400	2,2 %
2022-38-1	Fiskemjøl	P 213,618	22751	1048	2936	4,6 %
		P 214,914	22688	1055	2953	4,6 %
2022-39-1	Fiskefør	P 213,618	11020	473	1325	4,3 %
		P 214,914	10910	478	1338	4,4 %
2022-0758-1	Sauefør	P 213,618	12876	469	1314	3,6 %
		P 214,914	12754	454	1272	3,6 %
2022-1714-9	Heilfisk	P 213,618	16055	377	1056	2,3 %
		P 214,914	15943	395	1107	2,5 %

For fiskemjøl og -før er dei oppnådde repeterbarheitsgrensene for fosfor noko dårlegare enn grenser gitt for grise- og sauefør i referansen, medan grensene oppnådd for heilfisk er tilsvarande som referansen. Den oppnådde repeterbarheita vert totalt sett vurdert å vere akseptabel.

### 5.3.2 «Intermediate precision» / intern reproduserbarheit

Tabell 22 samanliknar oppnådde grenser for intern reproduserbarheit for ulike prøvetypar med reproduserbarheitsgrenser gitt i metodereferansen. Som Tabell 22 viser, er oppnådde grenser lågare enn referansegrensene. Dette er ikkje uventa, då intern reproduserbarheit generelt er lågare enn reproduserbarheit mellom ulike laboratorier. Sjølv om dette ikkje er ein fullgod samanlikning, viser tala at den interne reproduserbarheita er god, for fiskemjøl og -før er den jamvel betre enn repeterbarheitsgrensene. Dette viser at homogenitet av prøvematerialet er avgjerande for gode parallellar av same prøve.

Tabell 22 Oppnådd intern reproduserbarhetsgrenser for fosfor i ulike prøvetypar, samanlikna med grenser gitt i metodereferansen.

Prøvetype	Bølgelengde (nm)	Snitt (ppm)	S <sub>R</sub> (ppm)	R (ppm)	RSD <sub>R</sub>
Referanse, grisefør	-	5100	260	710*	5,0 %
Referanse, sauefør	-	6900	350	1000	5,0 %
Fiskemjøl	P 213,618	30042	1119	3133	3,7 %
	P 214,914	29874	1119	3133	3,8 %
Fiskefør	P 213,618	11972	187	525	1,6 %
	P 214,914	11947	187	525	1,5 %
Feces	P 213,618	16558	802	2244	4,8 %
	P 214,914	16629	802	2244	5,0 %
Fisk	P 213,618	16021	410	1149	2,6 %
	P 214,914	15883	410	1149	2,6 %

\*Det er oppgitt 0,71 % (7100 ppm) i referansen. Mistanke om at dette er ein skrivefeil då R ikkje kan vere høgare enn snittet. 710 ppm er brukt i berekning.

## 5.4 Riktigheit/nøyaktigheit

### 5.4.1 Analyse av eksternt referansematerial

Som Tabell 13 viser, gav alle tre ringtestprøvane  $E_r$ -verdiar under éin og Z-score under to for begge dei undersøkte bølgelengdene. Basert på z-score og  $E_r$ -verdi, vert riktigheita ved undersøkte bølgelengder for fosfor vurdert som god.

Berekning av bias og tilhøyrande t-verdi (Tabell 14-

Tabell 16) viste at Biolab sine analyseresultat ligg signifikant høgare for begge bølgelengdene for alle dei undersøkte prøvane, samanlikna med snittet oppnådd i ringtestane. Bias var tilnærma lik for begge bølgelengder i alle prøvane. Oppnådde verdiar er likevel innanfor akseptert område for alle dei tre ringtestprøvane.

Resultat oppnådd ved ICP-analyse ligg i hovudsak i det øvre sjiktet av rapporterte resultat for alle dei studerte ringtestprøvane. For 2022-0758-1 frå AACFO er det til dømes 26 deltakarar som har brukt ICP og mikrobølgoppslutting. Snittverdien for desse resultatata er berekna til 1,217 %, mot 1,196 % totalt for alle deltakarane. Dette samsvarar med at Biolab sine resultat ligg over rapportert snitt for ringtestane, og kan tyde på at det er noko skilnad mellom ulike analysemetodar og oppsluttingsteknikkar.

### 5.4.2 Samanlikning med eksisterande analysemetode for fosfor (A 37)

Fosforresultat oppnådd ved ICP vart samanlikna med resultat frå Biolab sin eksisterande metode for fosforanalyse (A 37 Total fosfor). Som Tabell 17 viser, gir ICP-analysene konsekvent høgare verdi enn den eksisterande metoden. Det var utført t-test for parvise utval for å sjå om det er signifikant skilnad mellom dei to metodane. Statistiske verdiar gitt i Tabell 23 syner at dette er tilfelle.

Tabell 23 T-test for samanlikning av ICP-metode og A 37 Total fosfor.

Metode	ICP	A 37 Total fosfor
Gjennomsnitt (%)	1,52	1,36
Standardavvik (%)	0,457	0,424
Varians (%)	0,209	0,180
Antal obs. (n)	9	9
Friheitsgrader (fg)		8
t-Stat (absoluttverdi)		8,355
T-kritisk (tosidig)		2,306
p-verdi (tosidig)		$3,2 \times 10^{-5}$

Dette kan komma av ulike oppslutningsteknikkar, der mikrobølgeovnsoppslutting vil gi ei meir komplett oppslutning av prøva samanlikna med forasking.

## 5.5 Konsentrasjons-/måleområde

Tabell 24 gir ei oversikt over kvafor konsentrasjonar kvantifiseringsgrensene i Tabell 18 tilsvarar ved standard 0,5 g innvege prøve og fortynning til 25 ml etter oppslutning.

Tabell 24 Kvantifiseringsgrenser i prøvematerial, gitt 0,5 g prøve og tynning til 25 ml, ved oppslutning i glasrøyr.

Element og bølgelengd (nm)	Kvantifiseringsgrense (mg/kg)	Konsentrasjon i prøvematerial (ved 0,5 g til 25 ml) (mg/kg)
